

Edvard Hoem får Petter Dass-prisen 2007

Petter Dass-prisen 2007 går til Edvard Hoem for romanen «Mors og fars historie» som vart utgitt i 2005, og for oppfølginga av boka med tett innpå 200 lokale arrangement landet rundt. Hoem har stilt opp for eit stort publikum og fortalt om boka og det som ligg bak. Mykje av forfatterskapen til Hoem kjem tett på den kristne kulturarven både gjennom romanar, dramatiske verk, salmar og arbeid med bibeltekster.

Avisa Vårt Land deler ut Petter Dass-prisen for tolvte gang. Prisen deles ut årleg som ei utmerking «til en person eller organisasjon som har bidratt til å forene folkeliv og tro på Gud, og til å sette den kristne tro på dagsordenen i vårt samfunn, på en jordnær og folkelig måte i beste Petter Dass-ånd».

Edvard Hoem er ein av våre folkekjære forfattarar. Han debuterte i 1969 med diktsamlinga «Som grøne musikantar», og har skrive ei lang rekkje bøker som har nådd langt ut. Hoem var tilknytt Det Norske Teatret i 1976, og frå 1980-1986 som husdiktar og dramaturg. Han var teatersjef ved Teatret Vårt i Molde i perioden 1997-1999, og har teke imot mange stipend og utmerkingar. Han har også markert seg som salmediktar.

Hoem er svært aktiv på mange frontar. I haust kom den kritikarroste boka «Faderen. Peder Bjørnson forsvarer seg». Han har nyleg oversett Shakespeares «Henrik IV» for Det Norske Teatret – stykket har premiere i januar 2008 – og han har sjølv premiere på eit stykke på Sogn og Fjordane Teater, 14. desember: «Mikal Hetles siste ord». Vidare har han i år oversett Benjamin Britten-operaen «Peter Grimes» for Den Norske Opera; det blir ei jubileumsforestilling i Operaen i 2009.

“Mors og fars historie” er ein roman bygd på verkelege personar. Edvard Hoem har skrive ein roman om sine foreldre. Romanen er blitt karakterisert som dristig og god, full av sterke kjensler. Det er skildringa av den kompliserte kjærleikssoga mellom foreldra. Hoems far, Knut Hoem, var odelsgut i Romsdal. Han fekk tidleg kallet til å bli predikant i Indremisjonsselskapet. Han er både odelsgut og predikant, og konfliktane blir skildra på ein sterk måte. Det same gjeld historia til Edvard Hoems mor, Kristine Nylund, som vart gravid med ein tysk soldat under krigen. Knut blir redningsmannen, men kjærleiken er ikkje av det lettkjøpte og lettvinde slaget.

Denne dramatiske og sterke historia har rørt ved mange. Også i kristne krinsar har den gått sin sigersgang. Hoem har i romanen makta å framstille emissær oppgåva og bedehuskulturen med respekt og innleving, bygd på nær kjennskap til både personar og historie. Han har ikkje gått attende for å omtale også dei problematiske sidene ved mora og farens historie og ein del av det som skjedde innan dei frivillige kristelege organisasjonane. Men dette har skjedd utan at forfattaren har distansert seg fra romanens historiske bakgrunn. Tekstene – på svært lesbart nynorsk – er børe opp av kjærleik og diktarleg kraft. Dei gir innsikt i ein tidsperiode og ei livskjensle som har gitt lesarar og publikum stort utbytte.

Boka vart nominert til Nordisk Råds Litteraturpris 2006. Ho vart utgitt på Oktober forlag, som har vore Hoems forlag heilt frå starten. Det er enda eit døme på at Hoem på alle måtar femnar vidt og når langt ut i sitt forfattarskap.

«Mors og fars historie» er folkeleg og frodig. Edvard Hoem er en verdig vinnar av Petter Dass-prisen 2007.

Tidlegare prisvinnarar:

1995: Egil Svartdahl
1996: Erik Hillestad
1997: Kjell Magne Bondevik
1998: Per Oddvar Hildre
1999: Per Arne Dahl
2000: Frelsesarmeen ved Marit Solli
2001: Gunnar Stålsett
2002: Lise og Ludvig Karlsen
2003: Marie Aakre
2004: Eyvind Skeie
2004: KRIK v/ Kjell Markset
2006: Inger Lise Rypdal

Vennlig hilsen

Avisen Vårt Land

Helge Simonnes
sjefredaktør